

Referat styremøte i Grendalaget 26.03. 2015

Tilstades

Kristoffer Østhus (leiar)

Bjarne Bøe, Arnstein Bøe. Katrine Flesjå, Janne Bø, Johannes Hovda, Merete Kindingstad, Mari-Anne Runestad

SAK 26/15 Referat frå sist

Referat godkjent

SAK 27/15 PÅSKEBASAREN

Grendalaget synest idrettslaget gjer ein kjempejobb med Påskebasaren. Me trur ikkje det er behov for ein eigen stand frå grendalaget

SAK 28/15 FFG

Sjå eige referat

SAK 29/15 KOLUMBUS

Det er kome svar frå Kolumbus. Dei har nok misforstått noko av det med spurte om. Kristoffer tek kontakt med idrettslaget og formulerer nytt brev. Arnstein sender brev som tar opp alle utfordringane med har, og som me ikkje fekk svar på sist.

SAK 30/15 FOGN.ORG

Styret tek kontakt med Håvard etter årsmøtet for å eventuelt justere priser og fordelingsnøkkel på Fogn.org sine reklameannonser

SAK 31/15 Årsmøte

Kristoffer leiar møtet og organiserer valet

Stefan Afrati kjem. Han held ein halvtimes foredrag. Deretter sett me av ein halv time til spørsmål

Mari-Anne spør Håvard om å sette opp ein prosjektor

Katrine syt for ein «Fognakorg»

Årsmelding: Kristoffer gjer ferdig årsmeldinga. Og Merete skriv noko frå kulturgruppa + rekneskap

Mari-Anne ordner med leige av skulen

Janne lager plakatar og heng opp + sender til dei andre grendalaga

Vedtektsendringar må være publisert 14 dagar før årsmøtet

MAT:

Merete kjøper kaffi, lodd bøker og kaffifløyte

Katrine tek med koppar

Kaffimat: Arnstein, Merete, Joar, Bjarne, Mari-Anne

Frukt: Janne og Kristoffer

Tortillas: Katrine

ALLE MØTER KL. 18.15 for å LAGE TIL

Referent Mari-Anne